


RAUD MORGON

NO.2 ARGANG 3

Kr.1.-

ORGAN FOR RAUD FRONT HJELLE 1977



"FØRSTE FASE I FOLKEKRIGEN"

L E I R E N .

Situasjonen på leiren no er at dei politiske diskusjonane ikkje er komne godt nok i gong og det er for lite entusiasme.

Vi har hatt ei innleiing som har teke opp mange viktige problemstillingar, men leiinga på alle plan ,leirleiinga, brigadeleiinga, gruppeleiinga, er for lite flinke til å få i gong diskusjonen, til å stille skarpe motseiingar og til sjølv ta initiativet til diskusjon.

Erfaringane frå ein del brigadar i går viser at når det blir teke initiativ og motseiingar blir stilt, blomstrar diskusjonen. Det er svakheiter i demokratiet på leiren. Gruppene fungerer ikkje skikeleg, nye folk blir ikkje teke spesielt vare på. Leir deltakarane må no kaste kreftene inn for å utvikle diskusjonane og livet på leiren.

PRØV FOR SKAPTE OG LIVLEGE DISKUSJONAR I GRUPPENE OG ELLES PÅ LEIREN!

/leirleiinga

-----o o o o o-----

HELSE - EIN PRIVATSAK ?

Til no har ingen kameratar hevda eit slikt syn i diskusjonane, men i praksis står ein del kameratar på det synet.

Det kjem til dømes til uttrykk i at nokre kameratar går tynnkledde og utan regnklar i regnveret. Dette er ei supermanns - tenking som seier: "Eg har jernhelse - ingen sjukdom råker meg".

Kamerater! Eit slikt syn set heile leiren i fare. Om du blir sjuk, kan du lett smitte andre, og ditt darlige døme kan bli fulgt av andre. Det vil vere ein siger for borgerskapet om leiren må verte avlyst grunna sjukdom, og ei stor svekking for den revolusjonære rørsle i distriktet i lang tid framover.

Difor: Ta alvorleg på helsespørsmålet. Ta opp kampen mot regn og tåke og kjemp for ein "frisk" leir.

Ei motseiing som står, er slik: "Eg har vore på mange leirar utan epedemiar - er ikkje dei hygieniske krava overdrivne?". Nei, - berre fordi alle kameratar har tatt alvorleg på hygiena, har leirane vore utan alvorlege epedemiar. Om vi slakkar på krava, kan vi oppleve at diarre ell. liknande sjukdom sprer seg i løpet av ein dag.

Latrinene er ei farleg smittekjelde. Ver difor ekstra nøye med reinsenda her. Dei voksne må sjå til at ungane og vasker hendene etter bruk av WC/latrine. Epedemiar startar ofte hos dei små.

Følg instruksen for vasking og reinhald.

Frem for ein leir utan diarre.

Helseansvarlig brig. 3

1. Innledning

Denne rapporten er utarbeidet som et resultat av et oppdrag fra AKPs styre. Den skal gi en oversikt over partets historie og utvikling, og skal være et uttrykk for partets verdier og mål. Rapporten er utarbeidet i samarbeid med partets medlemmer og er et uttrykk for deres visjoner og mål.

Partets historie er rikt og mangfoldig, og har vært preget av mange utfordringer og seiere. Partets utvikling har vært en prosess som har involvert mange mennesker, og som har resultert i et parti som er i stand til å møte de utfordringene som ligger foran oss.

Partets verdier er grunnlaget for vår politikk og vår handling. Vi er opptatt av å være et parti som står for åndelighet, rettferdighet og solidaritet. Vi ønsker å være et parti som er i stand til å møte de utfordringene som ligger foran oss, og som er i stand til å bidra til et bedre samfunn.

Partets mål er å være et parti som er i stand til å møte de utfordringene som ligger foran oss, og som er i stand til å bidra til et bedre samfunn. Vi ønsker å være et parti som er i stand til å møte de utfordringene som ligger foran oss, og som er i stand til å bidra til et bedre samfunn.

Partets verdier er grunnlaget for vår politikk og vår handling. Vi er opptatt av å være et parti som står for åndelighet, rettferdighet og solidaritet. Vi ønsker å være et parti som er i stand til å møte de utfordringene som ligger foran oss, og som er i stand til å bidra til et bedre samfunn.

TIL DISKUSJONEN OM FOLKEKRIGEN:

- Spørsmål: 1. Lærdommar frå 1940
 2. Positive og negative faktorar for å føre folkekrig i Norge.

Til 1: Ein del kameratar har stilt spørsmål om borgarskapet som heilskap var forredarar i høve til nasjonen. Kva med Kongen som nekta å abdisere og regjeringa som rønde til England? Det har bl.a. vore hevda at kong Haakon var patriot.

I innleiinga kom det fram at borgarskapet var delt i to leirar. Ein leir som hadde alt å tene på fullt samarbeid med tyskarane, og ein (særleg reiarstanden) som måtte stø seg på England, ellers ville handelsflåten bli konfiskert av engelskmennene. Den pro-britiske delen la heller ikkje opp til noko forsvar eller frigjering av den norske nasjonen. Dei gjorde ein framstøyt for å få til sabotasjegrupper som skulle hjelpe til ved ein engelsk invasjon. Dersom ein meiner at dette var ei linje for nasjonal motstand, må ein i så fall meine at England førte ein rettvis krig. Men det England gjorde var å krige for koloniane og interesseområde sine, mot at Tyskland skulle få kontroll med dei.

Er slikt rettvist ?

Det er ellrs ein tendens til å slå seg på brystet over NKP sine feil i 1940 og tenkje som så: "Ja, dei vart vel revisjonistar, men slikt kan ikkje skje med oss". Men det stemmer ikkje. NKP synte seg som eit heltemodig kommunistparti som ikkje vakla under Finlandskrigen og antikommunismen som vart sett inn då. Dei tok og klart standpunkt for nøytralitet og snakka om to imperialistblokker etter at Molotov-Ribbentrop-pakta var undertekna. Dei stod den gongen stödare enn mange revolusjonere i dag når Kina spelar på motsiingar mellom imperialistmakter i utanrikspolitikken sin. Men AKP(m-l) som parti har ein klar styrke i høve til NKP den gongen, nemleg ein analyse av dei grunnleggande motseiingane i verda og eit sjølvstendig prinsippprogram bygd på ein analyse av den konkrete situasjonen i Noreg.

Men det hindrar ikkje at det kan bli gjort feil i den politiske linje, og alle revolusjonere har eit alvorleg ansvar for at så ikkje skjer. Alle må legge seg i selen for kraftig betring av studiane og i å bruke den marxistiske analysemetoden, den materialistiske dialektikken.

Til spørsmål 2: Det er ein tendens til å meine at massene i Noreg ikkje vil reise seg mot okkupasjon frå ei supermakt, at dei er redde for represalier o.s.v.

For det første har vi røykslene frå 1940-45 å bygsje på som viser det stikk motsette. Dessutan veit vi at sosialimperialistane driv med beinhard underkøring av ikkje-russiske nasjonar og t.d. deportasjon til Sibir av ukrainarar.

Samleis er det ein sekterisk ide, ein ide om massene som borgarskapet og revisjonismen spreier, men ikkje eit resultat av grundige undersøkingar. Slike sekteriske idear må vi kjempe hardt i mot visst folkekrigen skal sigre.

LEIF

DAGSORDEN - TYS DAG

- | | |
|---------------|---------------------|
| kl. 0700 | Vekking |
| " 0730 | Lorgonsamling |
| " 0800 | Frukost |
| " 0900 | Gruppedisk. |
| " 1315 | Obligatorisk idrett |
| " 1500 - 1700 | Gruppediskusjon |
| " 1800 | Kveldsmat |
| " 2100 | Plenum |
| " 2300 | Ro |